

# Hva Må Gjøres

Nr. 1 - 1986
Utgitt av Norges Kommunistiske Studentforbund, NKS (Studentforbundet til AKP(m-l)) med støtte fra Studentsamskipnaden.

IKKE LA STATEN GÅ FRI!

1986: FREDSÅR ELLER OPPRØRSÅR?

VI KAN VINNE!

VELFERDSLOVA: SLUTT PÅ SKINN-DEMOKRATIET

KAPITAL-EKSPORTEN FRÅ NORGE

Nettpublisering ved Forvaltningsorganet for AKPs partihistorie (www.akp.no)

# 1986: Fredsår eller opprørsår?

Av Bjørn Olav Utvik, leiar av Norges Kommunistiske Studentforbund


Foto: Klassekampen

1986 er over oss - av FN erklært som «Fredsåret.» 6. januar blir det meldt frå Sør-Afrika om 33 svarte drepne så langt i det nye året. Kjyrkjeleiaren Alan Boesale erklærer at den som no oppmodar dei svarte om til ikkje-vald opptrer umoralsk og ukristeleg.

Israel og USA finpusser planane for nye kapittel i folkemordet på palestinarane. I Kampuchea førebur Vietnam den 7. tørkeoffensiven for å knekka ei motstandsrørsle som er i ferd med å vaksa seg stadig sterkare og som angrip nær hovudstaden Phnom Penh. I Afghanistan bombar Sovjet, frigjeringsrørsla går til offensiv.

Europa: Det siste året har me sett gatekampar mellom politi og arbeidarar og ungdom som krisa og ny teknologi stenger ute frå ei menneskeverdig inntekt og eit menneskeverdig liv, - I England, Frankrike, Belgia, Danmark. Generalstriek i Hellas. I Nord-Irland - blir radikale nasjonalistar internerte, så dei ikkje kan delta i valet. «Freden» gjeld berre Europa, og sjøl her står politiet klar til å slå til når folk krev arbeid, brød og nasjonale rettar.

**Herren så i nåde til sitt folk (?)**

Men herren held si vernande hand over Noreg - eller som det står i fedrelandssangen: «landet ville han beskytte, skjønt det mørkt så ut.»
Eller???
Noreg *har* så langt ikkje blitt ramma med full styrke av den internasjonale krisa. Mens levestandarden i andre nordiske land som Sverige og Island har falle kraftig, har reallønna her halde seg. Sjøl om arbeidsløysa er langt høgare enn dei offisielle tala, innpakka som dei er i Retterdalstillingar, er avstanden stor til belgiske og nederlandske tilstander med 15% og fleir utan jobb. Her i Noreg er vegen til rikdom og suksess open for alle, om du berre lærer deg å smila på rette måten, til rett tid og stad, om du får orden på sjøltilliten, kler deg rett, lærer deg børsgamet. Dette er bodskapen til «Dei nye heilage skriftene» i YAP-kulturen: «JEG», «Suksess», «Ledelse», «City» og «Tique», som glinser mot oss frå Narvesenkioskene. MEN: I det fantastiske oljerike Noreg blir sjukeheimskøene lengre, det blir innført og auka eigenandelar på medisin og studiemateriell. Den reelle eigenfinansieringa av høgare utdanning nærmar seg nå raskt 90% om ein tek med at dei fleste jobber ved sida av for å klara seg. Minstepensjonistane lever på sulteinntekt. Alt dette blir forklart med at «det offentlege» mangler penger, mens Noregs Bank har reserver på 80-100 milliarder i amerikanske bankar. (Slik finansierer Reagan sitt underskot) og kapitaleigarane har au auka sin del av inntektene i Noreg frå 18% til 35% på 5 år. Dessuten: kva er utsiktene? Kor lenge kan Noreg, eit lite land med 1 promille av verdas folk, tett vevd inn i verdensøkonomien halda seg svevande som ein ballong over eit opprørt hav.


Foto: Klassekampen



Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2018




Foto: Klassekampen

Eit krakk på New York børsen, nedgang i dollarkursen, eller eit dramatisk fall i oljeprisen om Saudia-Arabia opnar slusene - så sprekk ballongen og virkeligheten innhentar oss.

**Utsiktene er gode - for eit lite fåtall**

Studentar idag har eit val: Kasta seg inn i racet for å bli ein ny Blystad-bror eller søster, eller slåss saman med det store fleirtalet i og utanfor Noreg mot kapitalismen, for ei betre framtid. Norske studentar har tidlegare stilt seg langt framme i kamp for fridom og sosialisme, i den nasjonale frigjeringskampen på 1800-talet, i Mot Dag i 20- og 30-åra, under krigen og det store oppsvinget på 70-talet mot imperialismen og for støtte til arbeiderklassen.

Det finst mange studenter i dag som ønsker å gjera ein slik innsats, men det organiserte arbeidet er heller smått. Sosialistisk Front er i dag nedlagt fleire stader i landet. Der han finst, som i Oslo og Trondheim har han gått raskt til høgre, og er i dag i hovudsak eit sosialdemokratisk apparat for «ansvarleg» samskipnadspolitikk. Grønt Gras er borte (vissent sia 70-åra). Innafor grupper som Venstrevind i Trondheim, Radikal Fellesfront i Bergen o.l. finst det folk som ønsker kamp mot kapitalismen. Men det einaste landsomfattande alternativet for ein revolusjonær politikk er Norges Kommunistiske Studentforbund - Studentforbundet til AKP (m-l). Me finst på alle universiteta og på ein del høgskular.

Som del av ei rørsle som femnar industriarbeidarar bønder, funkjonærer, og skuleelevar slåst me for internasjonal solidaritet, for å styrka kampen mot «nedskjæringsstaten», for støtte til arbeidarar i kamp. Og me slåst for at studentane skal reisa kamp for lån og stipend som sikrar retten til høgare utdanning for alle. Viktigast: Me slåss for eit sosialistisk samfunn, der menneskeverdet ikkje blir avgjort av storleiken på pengepungene eller aksjeporteføljen.

I denne kampen treng me fleire: BLI MED I NKS!!!

# nks i:

## TROMSØ

**Trond Trosterud**



**NKS kan kontaktes:**
**– Bokdisk utafor UB i Breivika**
**– Oktober bokhandel i Tromsø**

## TRHEIM

**Øyvind Thomassen**



**NKS kan kontaktes:**
**NKS – Prisensgt. 14, Trondheim.**
**Tlf.:(07) 52.52.78**

## BERGEN

**Bjørg Eli Eide**



**NKS kan kontaktes:**
**NKS – Parkveien 1, Bergen.**

## OSLO

**Eva Ch.Tønnessen**



**NKS – Gøteborggt.8, Oslo.**
**Tlf.:(02) 38.42.50 Onsdag 14–17**
**– Stand Blindern hver Onsdag**



Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2018

# Ikke la staten gå fri!

**1986-studenten står i en økonomisk dyster situasjon. Sannsynligvis må en student av i dag ut i deltidsarbeid, om han/hun ønsker å få embedsstudiet sitt i havn. Etter endt utdanning er det ikke sikkert at dagens student makter å betale tilbake studielånet på grunn av de beinharde tilbakebetalingsvilkårene Lånekassa tilbyr. «Hva Må Gjøres» stiller studentpoliktikere og studentorganisasjoner spørsmålet om hvilke krav studenter må reise for å bedre situasjonen.**



Foto: Klassekampen

**- Studenter må kreve høyere stipend og månedssatser, lavere rente og lengre tilbakebetalingstid. Talskvinne for NKS Ingebjørg Gram slår fast at studiefinansiering er staten sitt ansvar og at rammene derfor må økes. Gram går imot NSU-ledelsens krav om ei inntektsavhengig tilbakebetaling (IATB).**

- Ei slik ordning overlater til studentene sjøl å greie opp i problemene, mens staten går fri.

Fra 1977 har utviklinga vært prega av nedbygging. Tendensen fram til i dag kan kort beskrives ved:
- synkende realverdi på lånet
- redusert stipendandel
- kortere tilbakebetalingstid
- høgere rente

- Behovet for utdanna arbeidskraft er ikke like stort i dag som for 15 år sida. Staten skjærer derfor ned på utgiftene til utdanning. I denne situasjonen må studentene konsentrere seg om å slå tilbake angrepa fra staten, sier Gram.



Foto: Klassekampen

**Stipendene viktigst**

*- Hva er det viktigste studentkravet i dag?*

- Stipendene er den tryggeste formen for studiefinansiering. De er for det første ikke bundet til utrygge tilbakebetalingsvilkår. Stipendkroner kan du stikke rett i lomma, de trenger du ikke betale tilbake til Lånekassa igjen. I forhold til nå vil ei stipendøkning redusere gjelda som mange studenter sitter igjen med ved endt studium. For det andre betyr økt stipend ei bedring for studenter i studiesituasjonen. Slik det er idag må mange studenter ut i deltidsarbeid for å få endene til og møtes i studietida.

**IATB splitter**

*- Hvorfor er det så farlig å kreve ei mer rettferdig fordeling innafor dagens rammer?*

- Søkelyset på omfordelingskrav retter søkelyset bort fra rammekrav. Mens Sos. fronterne i NSU-ledelsen konsentrerte seg om IATB har studentene blitt utsatt for harde nedskjæringer. Hadde vi klart å slå tilbake disse angrepene på studentøkonomien, ville det betydd større goder for lavtlønte enn det IATB noen gang kommer til å bli. Samme høst som stipendet gikk ned med omlag 20 prosent, sa f.eks. daværende NSU-leder Lars N. Mikkelsen følgende til Universitas om IATB: «Det er en enorm oppmuntring at vi har fått gjennomslag for tankegangen vår». Mens Mikkelsen satt og tenkte på inntektsavhengig tilbakebetaling, skjedde det lite oppmuntrende ting med stipendet.

Ingebjørg Gram mener også at krevet om IATB splitter studenter i grupper som framtidige «høytlønte» og «lavtlønte». En samla studentkamp med felles krav blir dermed gjort vanskelig, slutter hun.

**AKP(m-l)**
Boks 211 Sentrum, 0103 Oslo 1
Kontoradr.: Gøteborggt. 8, 0566 Oslo 5
Telefon: (02) 38 42 50, kontortid 10-15, torsdag 10-18.
RØD UNGDOM: Gøteborggt. 8, Tlf: 37 73 50
Postboks 610 Sentrum, 0106 Oslo 1
NORGES KOMMUNISTISKE STUDENTFORBUND:
Gøteborggt. 8 0566 Oslo 5. Tlf (02) 38 42 50, mand. og torsd. 10-14.

**RØD VALGALLIANSE**
Boks 211 Sentrum, 0103 Oslo 1
Kontoradr.: Gøteborggt. 8, 0566 Oslo 5. Telefon (02) 38 42 50



Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2018

# Velkjente toner

**- Kravet om inntektsavhengig tilbakebetaling står fortsatt like sentralt som før. Nestleder Anne Karine Sørskår synger velkjente toner fra NSU-ledelsens partitur.**

*- Hvorfor er kravet om IATB så viktig?*
- Først og fremst fordi inntektsavhengig tilbakebetaling bidrar til en sosial utjamning. De fleste synes vel det er rett og rimelig at de med høge lønninger subsidierer de med lave.

*- Men er det så sikkert at lavtlønte, forgjeldete akademikere kommer til å tjene på ei slik ordning? Da «prosentstipendmodellen» blei innført, var intensjonen at de med størst behov skulle få mest i stipend. Nå er modellen innført - med det resultat at en gjennomsnittsstudent har fått redusert stipendet sitt med 35 prosent. Frykter du ikke at noe lignende kan skje ved innføring av IATB?*

- Ingenting er jo sikkert. Det gjenstår å se hvordan ordninga vil fungere i praksis.

*- Er ikke høgere stipender en sikrere garanti mot svær gjeld og rimelige tilbakebetalingsvilkår etter endt utdanning?*
- Det er det nok. Men det er ikke gjort over natta å få myndighetene til å øke stipendandelen, sier Anne K. Sørskår til Hva Må Gjøres?

# IATB på is

**- Innafor dagens rammer vil ei inntektsavhengig tilbakebetaling (IATB) bety ei forverring av studentøkonomien. I dag er det viktigst å kjempe for høgere stipend, lavere rente, høyere månedssatser (Stipend og lån) og lengre tilbakebetalingstid.**



Einar Vollan i Landslaget for norske sykepleierstudenter (LNS) forteller til Hva Må Gjøres? at Landsstyret i LNS har bestemt seg for å legge kravet om IATB på is.
- Omfordelinger innafor dagens rammer for studiefinansiering løser ikke studentenes problemer. Tvert i mot flytter et slikt krav bort fokus fra rammekrava. LNS sitt mål er at stipendandelen skal utgjøre 40 prosent av månedssatsen. I dag er prosentandelen nede i omlag 13 prosent sier Vollan.

# RENTEAKSJON

**5. mars blåser studenter landet rundt til kamp mot det høge rentenivået på studentlån. Da blir det aksjoner på lærestedene og det blir satt igang ei underskriftskampanje for å få renta ned til 6 prosent.**

Renta har de siste åra steget jamt og trutt. I dag er rentefoten på 11,5 prosent og med innføringa av rentes-rente er den reelle prosentsatsen på 12,5 prosent. Staten begrunna rente-økninga med å vise til prisstigninga ute i samfunnet. Sida 1983 har inflasjonen ligget på omlag 6 prosent pr. år. Likevel har det høge rentenivået på studielån holdt seg.

Det er DUK - paraplyorganisasjonen for landets studentorganisasjoner - som står bak aksjonen som skal vare fram til 19. mars. Det høge rentenivået er en del av de harde tilbakebetalingsvilkårene fra Statens Lånekasse, som gjør at studenter vegrer seg for å ta opp lån og i stedet finansierer studiene ved hjelp av deltidsarbeid. Lave stipender, månedssatser og kort tilbakebetalingstid skaper også



Foto: Klassekampen

problemer for studenter i og etter studietida. At renteaksjonen ikke tar opp disse forholda, gjør imidlertid ikke kravet om lavere rente mindre rettferdig. Hva Må Gjøres? oppfordrer alle studenter til å støtte vårens rente-aksjon og ta del i arbeidet på lærestedene.



Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2018

## «Velferdslova»

# Slutt på skinndemokratiet

**Velferdslova er ikkje ei velferdslov, ho er ei lov om korleis (den eventuelle) velferden skal organiserast. Her er dei viktigaste punkta i lova:**
**- Staten fråskriv seg eit kvart ansvar for studentane sin velferd: « ...ingen andre enn samskipnaden selv er ansvarleg for dens forpliktelser.» ( §5 )**

- Lova fastset valordning til samskipnadsorgan: Det skal opprettast *studentting,* representantane skal veljast ved *urneval* og *forholdstalsval.* ( §7). I ein samtale med Utropia sa Gunnar Magnus det slik: «I min tid som studentpolitiker støtte jeg stadig på det problem at det ikke var urnevalg. Derfor er det desto mer gledelig å ha fått det gjennom i ettertid.»
- Lova seier nei til at studentane skal ha rett til å kalle tilbake representantar dei er misfornøgde med. ( §11: «for styret ... gjelder reglene i aksjeloven ... med unntak av punktet om tilbakekallingsrett.» )
- Lova opnar for oppretting av *storsamskipnader,* dvs. at alle høgskolane ved ein lærestad skal vera medlemmar i samskipnaden. Studenttinget skal bestå av representantar frå dei ulike samskipnadene. I Tromsø går samskipnaden på friarferd rundt til høgskolane i byen. Sjukepleiarhøgskolen har hyblar nok, man manglar barnehage. I haust fekk dei veta at husleiga skulle stige med 100% for å få eit felles prisnivå, «i tilfelle fylket eller samskipnaden skulle ta over». Lærarhøgskolen har for mange hyblar, men allerede no bur det universitetsstudentar i dei dei ikkje treng sjølv. Konsekvensen av ein storsamskipnad vil bli: Samskipnaden står plutseleg med mange fleire hyblar i forhold til studenttalet, utan at tromsøstudentane har fått ein einaste ny hybel. Eit eventuelt studentting vil bruke tida si på å la dei ulike skolane krangle seg imellom om ein alt for liten pott. Høgskolestudentane har fått ei høg semesteravgift, og Tromsø har fått seg eit nytt skikt av politikar- og pampespirer.

Alle desse momenta gjer lova til noko langt meir enn allmøte mot urneval: Ho er ein gjennomarbeida modell som skal sikre at studentane blir lydige og oppfinnsomme brikker i staten sin nedskjæringspolitikk. Opprettinga av eit eige studentpolitikar- jetset, innføring av passiviserande valordningar (seddel i urna i staden for allmøteval ut frå studentpolitiske saker), grupper opp i mot kvarandre, alt dette for at studentane skal ta på seg den vanskelege og tidkrevjande jobben det er å skjera ned på løyvingar til studentvelferd.



Foto: Klassekampen




# Vi kan vin

**- Det er mogleg å hindre gjennoı**
**«Når staten nektar å løyve ... ngav**
**prøver dei å få oss til å gjennomfø**
**sert i. Det er berre det at det blir**
**sjølv set opp ei urne. Så lenge vi n**
**Per B. Kristensen i Tromsø NKS**

*- Dette høyrest enkelt ut. Men er det no slik? Greier vi å hindre lova i å bli gjennomført?*

«Det kjem an på oss, det. Punkt ein må vera at vi sjølv fattar at den nye lova faktisk ikkje blir gjennomført før vi gjennomførar ho. Viss vi derimot går til ein boikott med ei målsetjing om å tape, så trur eg nok vi klarar å oppnå denne målsetjinga. Med andre ord: Det er liten vits i å boikotte berre for å «markere ein protest».

*- Men kva viss t.d. Oslo sett som krav for å delta i ein boikott ... det skal vera nettopp ein tidsavgrensa protestboikott som det du snakkar om?*

- «Vi hadde sjølvsagt stått sterkare om alle var med. Men viss valet står mellom ein «markeringsboikott» der alle er med på den eine sida, og ein boikott for å hindre at lova blir gjennomført på den andre, så må vi jo velje det siste, sjølv om det blir ein boikott utan t.d. Oslo. Ein del folk her i Tromsø seier at vi ikkje oppnår noko i ein boikott der vi ikkje har med oss dei andre samskipnadane. Men vi oppnår no i alle fall å hindre at lova blir gjennomført her i Tromsø, og det er ikkje så lite berre det. Poenget er ikkje om samskipnaden er stor eller liten, men om studentane finn seg i lova eller ikkje. Sånn sett kan samskip-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2018



**TVERS IGJENNOM LOV TIL SEIER!**

Foto: Klassekampen

# e!

**førir ... av velferdslova. - ... har ... lite å stille opp. Men her ... ei valordning vi ikkje er interes... ...kje noko urneval før studentane ...ktar, står dei makteslause», seier**

...naden på Ås vera eit like stort problem for departementet som samskipnaden i Oslo.»

*- Ein boikott av den typen du vil ha kan i verste fall føre til samskipnadsstyrer utan studentrepresentantar i årevis framover. Er det verdt prisen?*

- «Den prisen er ikkje mykje høg. Det er ein illusjon å tru at studentane kan utrette noko særleg på tvers av staten sine interesser i alle fall. Eit styre der studentrepresentantane er kasta ut, vil vera ei ko... ...nt påminning om kven som har ansvaret for velferdspolitikken. Dessutan har vi mykje å vinne på å slå tilbake lova. Ho er eit døme på sosialdemokratisk herskarteknikk av beste merke: Studentane blir passivisert og splitta. Dei som eigentleg skulle ha talt studentane si sak ovafor staten, får ei anna og meir krevande oppgåve: Dei skal gjennomføre staten sin samskipnad innafor staten sine økonomiske rammer. Den jobben er ikkje lett, men er det nokon som kan klare det, så må dei vel nesten vera studentar sjølv. Skal studentpolitikarene kunne fylle den oppgåva, må dei ha bestemt seg: Ansvarlege ovafor staten sin politikk eller ansvarleg ovafor studentane? Og med hjelp av den nye lova blir det enda lettare å hamne på feil side.

# Boikott: Markering eller kamp

Alle som har uttalt seg er imot lovforslaget, og alle vil boikotte lova. Men kva er hensikten med ein boikott? For nokon er hensikten å «markere eit syn». Dei seier «Vi får ikkje endra lova lell, men vi kan boikotte henne, t.d. ved å legge ned verva våre eit par månader.» Andre er meir skeptisk til ein slik «boikott for galleriet». Dei set tidsfristen ut frå andre kriteria: «Vi boikotter lova til dei har trukke tilbake pålegga om valordning.»

Rundt om i landet er det ulike syn på dette. Krassast går nok diskusjonane i Sos. front i Oslo som er delt på midten i spørsmålet. Kva skjer med velferden no? I haust sette samskipnadspolitikarane ned eit utval på tre til å jobbe med saka. Tor Ødegård i Tromsø er ein av dei som sit der. «Det er no det viktigaste arbeidet mot lova foregår» sier han. «Vi har fordelt politikarane i komiteen mellom oss og målsettinga er å få saka opp på den politiske dagsorden». Men kva viss lova likevel blir vedteke? «Da går vi til boikott». Men eg er redd vi vil tape to-tre år, og så vera tilbake i samskipnaden att. Derfor konsentrerer eg meg om arbeidet overfor komiteen no.



Foto: Klassekampen

Men eg har ein viss tillit til velferdsstat og forhandlingssamfunn, så eg trur slaget om velferdslova vil stå no før stortingsbehandlinga.»

# Fråsegner om lova

Studenttinga i Bergen og Trondheim, hovudallmøtet og samskipnadsstyret (m/ studentar i mindretal) i Tromsø har komme med fråsegner om lova. Det same har eit møte for studentrepresentantane i alle samskipnadene i landet no i haust. Alle er enige om å fordømme lova: T.d. sa samskipnadsstyret i Tromsø m.a.: «Lovutkastet inneholder bestemmelser om valgordning og studentorganisering. Studentene må ha frihet til selv å bestemme valgordning og organisasjonsform etter hva lokale forhold legger grunnlag for. Valgordning og organisering bør reguleres gjennom det enkelte samskipnadsreglement.» Fellesmøtet: «Studentkontaktmøtet ser ikke at det foreligger noen viktig begrunnelse for at studentsamskipnadene skal unntas fra aksjelovens bestemmelser om tilbakebetalingsrett.»

Hovudallmøtet i Tromsø og studenttinget i Bergen har i tillegg fatta omtrent likelydande vedtak om forma på ein eventuell boikott. Her Bergen: «Dersom studenttingets krav til valgordning ikke blir imøtekommet går studenttinget inn for en landsomfattende boikott av lovforslaget. Dette vil bl.a. innebære at vi fortsetter å velge representanter til studentting på samme måte som nå selv om loven blir vedtatt i stortinget. Dersom myndighetene setter inn mottiltak til boikotten, vil studentene trekke seg fra sine verv i studenttinget og i styret i samskipnaden.»


NKS

Jeg vil delta på studiesirkel i NKS ☐
Jeg vil vite mer om NKS ☐
Jeg vil bli medlem av NKS ☐

Navn: ..............................

Adresse: ..............................

Sendes til:
NKS, Gøteborggt. 8, Oslo 6. Tlf. (02) 38 42 50




Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2018

# Kapitaleksport

**Mange gamle i Oslo holder på å fryse i hjel i vinterkulda. Byens helsevesen er på sammenbruddets rand, og stort likere er det ikke i resten av landet. Samtidig gjentas det at «for mange oljemilliarder er en trusel mot norsk økonomi.» Men for borgerskapet er de en velsignelse, bare de kan brukes til internasjonalisering, - kapitaleksport. For åttiåras norske borgere ønsker å være grensesprengende - de har imperialistiske ambisjoner som aldri før.**



I næringslivskretser er to av de viktigste ordene nå om dagen *omstilling* og *internasjonalisering*. I 1983 ble det kjøpt aksjer og andeler i utenlandske selskaper for 1,7 mrd. kroner. I 1978 var aksjemajoriteten i 826 utenlandske selskaper på norske hender. I 1983 var tallet steget til nesten det dobbelte - 1589. Likevel heter det at det største problemet er at det går for sakte. Derfor har staten opprettet et eget internasjonaliseringsfond, slik at bedriftene kan få nytte av statens eventyrlige utenlandsformue.

### Utbytting

Det er ikke vanskelig å se at internasjonalisering er god gammeldags imperialistisk utbytting. Det er lave lønninger og «gunstige» etablerings- og skatteregler som gjør at norske selskaper nå er begynt å «tenke internasjonalt». Det heter at utenlandsetableringene skal «sikre» arbeidsplassene her hjemme. Virkeligheten viser at det aldri er hovedhensikten. Når Viking-Askim får lagd støvlene billigst i Malaysia, legges produksjonen i Norge ned. Når Helly Hansen får mer profitt ved at lavtlønnede portugisere syr polvottene, så legges fabrikken på Rjukan ned.

### Pengestrømmen

På denne måten er norsk kapital i ferd med å bli en mer aktiv støttespiller i det økonomiske systemet som genererer den viktigste av alle pengestrømmer i dagens verden. For den går ikke fra Norge - eller for den saks skyld fra de rike landene og til u-landene, men stikk motsatt. U-landenes gjeld til banker og finansinstitusjoner i den rike del av verden er totalt på 850-900 milliarder dollar. Bare i renter og avdrag vil det i løpet av de neste 4 årene foregå en netto overføring på 200 milliarder dollar fra fattige, forgjelda land til rike land i Vest. Gjelda vokser, rentene stiger og eksportprisene synker.

Det er i dette systemet norske borgere mener at oljemilliardene kan være til nytte. Mens de i det norske helsevesenet blir en trussel mot «vår» økonomi.




**BLI ABONNENT**

☐ 1 år kr. 995
☐ ½ år kr. 505
☐ kvartal kr. 260
☐ 1 måned kr. 105

Lørdagsavisa:
☐ 1 år: kr. 250 ☐ ½ år: kr. 130

Klassekampen, Salgsavdelinga,
Boks 83 Bryn, 0611 Oslo 6

Kryss av for ønsket abonnement.

Navn: ..............................................................

Adresse: ..............................................................

Postnr./sted: .............................................. Telefon: ..............

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2018